



KI-notat nr.: 18 /2010 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Urke Fiskeoppdrett AS/Vassuttak frå Urkeelva		
Fylke/kommune:	Møre og Romsdal/Ørsta		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	^{for} Ivar Sægrov	Sign.:	
Dato:	06 APR 2010		
Vår ref.:	NVE 200801504-6 rv/ias		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til vassuttak til produksjon av settefisk frå Urkeelva i Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke

Innhold

Samandrag	1
Søknad	2
Søklar sine kommentarer til mottatte fråsegner	11
Norges vassdrags- og energidirektorat sine (NVE) sine merknader	13
NVE si vurdering	15
Oppsummering	17
NVE sin konklusjon	18
Kommentarer til konsesjonsvilkåra	18

Samandrag

NVE har med brev, datert 01.09.2008, frå Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal, mottatt søknad datert 01.03.2007 frå Urke Fiskeoppdrett AS om løyve til å utvide produksjonen i settefiskanlegget på Urke frå 1 mill til 5 mill stk. sjødyktig settefisk i året.

Produksjonen er basert på vassuttak frå Urkeelva.

Ørsta kommune tilrår at det blir gjeve løyve til utviding og viser til at søknaden om utviding er i samsvar med vedteken arealbruk i gjeldande kommuneplan. Dei peikar elles på at utbygginga av Urke kraftverk er viktig for å sikre vatn til settefiskanlegget og at det må settast vilkår om minstevassføring.

Møre og Romsdal fylke peikar i si fråsegn på at det er naudsynt med ei viss minstevassføring i Urkeelva nedafor vassinntaket til settefiskanlegget. Fylket peikar også på at det er viktig at vedtak hos Fiskeridirektoratet, NVE, Mattilsynet, Møre og Romsdal fylke må vere samordna innafor dei rammer som forvaltningsplanen for vassregionen inneheld.

NVE legg til grunn at utviding av anlegget vil bli basert på utbygging av eit anlegg med turvande tiltak for å spare vatn i periodar med lite tilsig til vassdraget. Planlagt maksimalt vassuttak frå vassdraget

blir auka vesentleg. Ved lågvassføring vil det for eit reint gjennomstrøymingsanlegg i periodar bli kritisk lite vatn i elva og planlagte tiltak for å spare vatn vil vere avgjerande for å kunne drifte anlegget slik det er søkt om. NVE meiner at med vilkår om minstevassføring gjennom heile året og at anlegget nyttar vassparande tiltak vil verknaden for almenne interesser ikkje vere til nemnande ulempe.

NVE gjev Urke Fikseoppdrett AS løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn frå Urkevassdraget til drift av det etablerte settefiskanlegget med planlagt utviding. Det skal gjennom heile året sleppast ei nærare fastsett minstevassføring frå inntaket.

Løyvet blir gjeve på fastsette vilkår.

Søknad

NVE har med brev, datert 01.09.2008, frå Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal, mottatt fylgjande søknad datert 01.03.2007 fra Urke Fiskeoppdrett AS:

"Søknad om utviding av konsesjon for drift av settefiskanlegget Urke Fiskeoppdrett AS.

Selskapet vart starta i 1985 , og har drive kontinuerleg med fisk sidan 1986, først med innvilga konsesjon på førebels 500 000 stk pr år , innvilga til 1 000 000 frå 1989.

Når vi no søker om utvida konsesjon til 5 000 000, har dette sin bakgrunn i fylgjande:

- 1. Marknaden for smolt er no svært god, og vi kan lukkast med å få langsiktige kontraktar på ein stor del av den auka produksjonen.*
- 2. I samband med bygging av Urke Kraftverk, som er innvilga konsesjon, får anlegget 2 nye vassleidningar med minst dobbel kapasitet i høve til opphøveleg vassforsyning. I store delar av året kan vi ha tilgang på meir enn 1 m³ pr sek , og alltid i tida april til november. (2 x 600 mm PEH -rør). Kraftverket har maks forbruk på 3,5 m³/sek.*
- 3. I starten var produksjonen 1. års-smolt og 2. års smolt. No er tanken at produksjonen vert fordelt på eitt-års, null-åring og 1,5 års (basert på sommarstartfora yngel). Dette vil jamne ut behovet for tilført vatn, og biomassa på vinteren vil auke lite i høve til auken i produsert antall.*
- 4. Tanken er å bygge ut anlegget gradvis, etterkvart vi har salg på. Men det er viktig for oss å vite kor stort anlegget kan bli, med tanke på dimensjonering av grunnleggande funksjonar og disponering av areal. Full utbygging vil innebere drift i perioder basert på UV-rensa sjøvatn om vinteren, og ei viss grad av resirkulering/rensing/igjenbruk av ferskvatn.*
- 5. I høve til optimal driftsstorleik på settefiskanlegg er vi i dag små, og det vert etter kvart sett på at anlegg som skal ha livets rett i framtida må ha årsproduksjon på minimum 2-3 mill smolt. Dette går også på at effektiviteten har auka og for å ha ei fornuftig fordeling av døgnvakter på minst 4 personar og nok folk til enkelte operasjonar må antallet produsert fisk aukast.*
- 6. Urke er eit næringssvakt område der fleire arbeidsplassar er sterkt ønska. Folketalet har gått sterkt tilbake i takt med nedlegginga av det tradisjonelle landbruket.*

Om anlegget i framtida skal og i kor stor grad skal basere seg på resirkulering er avhengig av ma. energiprisar (oppvarmingskostnader) og tilgjengeleg teknologi. Innafor eigargruppa (PAN) er det i dag anlegg som i stor grad nyttar resirkulering og auka kunnskap/betra utstyr

kan gjere dette meir aktuelt i framtida, som sikring i høve til tørrår eller som sparetiltak i samband med høgare energiprisar.”

Som grunnlag for søknad om konsesjon etter § 8 i vassressurslova er søknaden vedlagt eit notat utarbeidd av Rådgivende Biologer AS der mulege konsekvenser for biologisk mangfald, fisk og ferskvassbiologi er oppsummert. Det er i notatet vist til og nytta data frå fagrapportar som vart utarbeidd som grunnlag for søknaden frå Tussa Kraft AS om løyve til å bygge Urke kraftverk i same vassdraget.

”Innledning

Urke Fiskeoppdrett AS har søkt om utvidelse til produksjon av 5.000.000 smolt per år. Det er planlagt med produksjon av 0-års, ettårs og 1,5-års smolt for å kunne optimalisere produksjonen i forhold til tilgjengelig vann. Vanntilførsleane er normalt gode fra april til november, men kan være en del mindre i sommermånedene.

Nye inntaksledninger og anlegg vil være dimensjonert for et samlet vannuttak på opp til 60.000 l/min (1 m³/s). Anlegget har i dag et inntak på kote 100 med kapasitet på 20.000 l/min.

Tussa energi har fått konsesjon for bygging av kraftverk i vassdraget, som er planlagt ferdigstilt i løpet av 2008. Kraftverkets inntak ligger ovenfor smoltanlegges eksisterende vanninntak, som dermed vil få noe redusert tilrenning. Ved utvidelsen av anlegget vil det bli etablert et nytt inntak på kote 24 i forbindelse med avløpet fra Tussa Energi sin kraftstasjon. Dette nye inntaket vil ikke ligge i tilknytning til elven, men bare basere seg på vann fra avløpet til kraftverket. Det vil da ikke være oppgang av anadrom laksefisk til det nye inntaket.

For å få tilstrekkelig trykk på vannet inn i smoltanlegget er det planlagt å beholde det eksisterende inntaket på kote 100.


Gjennomsnittlig vannføring i vassdraget er 3,6 m³/s ved utløpet til sjøen. Smoltanlegget har i dag et krav om minstevannføring på 50 l/s om vinteren og 150 l/s om sommeren ved Urke bro, nederst i vassdraget.

Som supplerande informasjon har sækjar lagt fram eit meir utfyllande grunnlag for dei hydrologiske vurderingane i brev av 28.04.2009:

”Hydrologi


Urkeelva (NVE nr 097.42Z) har et nedbørfelt til sjø på 30,11 km² og et årlig tilsig på 110,25 mill m³, eller 3,5 m³/s/210 m³/min i gjennomsnitt ved utløp til sjø. Avrenningen er ikke jevnt fordelt over året, og vinterstid kommer det snø i de høyere delene av nedbørfeltet. Høyest vannføring er det vanligvis på våren i mai-juli i forbindelse med snøsmelting med omtrent 350 m³/min, mens de nedbørrike høstmånedene september og oktober har en avrenning på omtrent 230 m³/min. Vintermånedene februar og mars har gjennomsnittlig oppunder 100 m³/min i avrenning (figur 1). Beregningene er gjort ved å justere avrenningstall fra målestasjon 97.4 Skjåstad for årene 1966 til 1997, og må derfor ansees å være retningsgivende og ikke absolutte for Urkevassdraget.

Figur 1. Gjennomsnittlig månedsavrenning fra Urkeelven. Grunnlagstallene er omregnet fra vannførings-statistikk fra målestasjon 97.4 Skjåstad for årene 1966 - 1997.



Nedbør og avrenning følger slett ikke alltid gjennomsnittet, og det kan forekomme perioder med betydelig mindre nedbør og vannføring. Særlig vinterstid vil det i kalde vintre være marginal avrenning fra et slikt høytiliggende nedbørfelt. Figur 2 viser at det på vinteren det er størst sannsynlighet for liten vannføring i elven. I halvparten av døgnene (akkumulert frekvens = 50 %) i månedene januar til mars vil det være lavere vannføring enn 54 m³/min, mens det i 10 % av døgnene (akkumulert frekvens) vil være under 12 m³/min. På våren er det betydelige høyere vannføringer, og risikoen for lave vannføringer er betydelig mindre. I april-juni vil det være under 10 m³/min 0,2 % av døgnene, mens det tilsvarende vil være under 60 m³/min i kun 10 % av døgnene (akkumulert frekvens). På seinsommeren fra juli til september er vannføringens fordeling omtrent den samme som for andre kvartal, mens det utover høsten fra oktober til desember vil være under 10 m³/min i omtrent ett av femti døgn (akkumulert frekvens = 2 %) (jfr. tabell 1).

Figur 1. Akkumulert frekvens av døgnvannføring for hvert kvartal og for hele året, vist som akkumulert frekvens, tilpasset fra målestasjon 97.4 Skjåstad for perioden 1966 til 1997. Se tabell 1 for tallverdier.



Tabell 1. Sannsynlighet for at tilrenningen er mindre enn angitte grenser for døgnmidlene i årets fire kvartal. Tallene er omregnet fra målingene fra Skjåstad i årene 1966 til 1997.


Måned	< 6 m ³ /min	< 12 m ³ /min	< 18 m ³ /min	< 24 m ³ /min	< 30 m ³ /min
Januar-mars	3	10,4	18,7 %	26,1 %	31,8 %
April-juni	0	0,2	1,0 %	2,0 %	3,0 %
Juli-september	0	0	0,2 %	0,7 %	1,2 %
Oktober-desember	0,2	2,1	4,2 %	6,6 %	9,4 %
Hele året	0,8 %	3,2 %	6,0 %	8,8 %	11,3 %

PLANLAGT VANNBRUK

I det følgende er det foretatt en teoretisk utregning av vannbehovet for det planlagde anlegget. Forutsetningene for benyttelse av oksygenering og spesifikt vannbehov for de forskjellige størrelsene av fisk er spesifisert og følger vanlige aksepterte normer.

Tilsetning av oksygen gir en vannsparingseffekt. Det finnes ulike måter å tilsette oksygen på, men de vanligste er tilsetning av oksygen til råvannet i tillegg til individuell oksygentilsetning til hvert kar. Basert på de ulike prinsippene for tilførsel av oksygen kan en oksygenere vannet som kommer inn til fisken i karet til 200 - 400 % metning. Det er mulig å dimensjonere og tilpasse oksygentilsetningen til den ønskede overmetningen en ønsker på ha på anlegget. Det gjøres oppmerksom på at det ikke er ønskelig at det i karet er noe særlig mer enn 150 % overmetning. Dette blir tilpasset ved den mengde oksygenovermettet vann som kommer inn i anlegget, slik at fisken forbruker oksygen av det vannet som kommer inn i anlegget. Karlufterne sørger for at CO₂ nivået i karene ikke overstiger 15 - 20 mg CO₂/liter. Anlegget har installert dette systemet på alle enheter ved anlegget. I vannberegningene er det ikke lagt til grunn at man ved bruk av karluftere kan redusere vannbehovet til under 0,1 l/kg fisk/min om sommeren, men dette vil bli diskutert i forbindelse med vannsparende tiltak ved ekstraordinære tørkeperioder. Det vises forøvrig til vedlegg om utvikling av vannbruk i settefisknæringen bakerst i dokumentasjonen.


Vannbruket i det planlagte nyanlegget vil være størst i månedene juli og august, med henholdsvis ca vel 53 og ca 66 m³/minutt teoretisk beregnet forbruk i disse to månedene. Vannforbruket beregnes fra en kombinasjon av fiskens størrelse og vanntemperaturen. Det er på denne tiden at fisken vokser best og det er størst biomasse i anlegget. Etter at høstmolten er ute av anlegget i løpet av oktober, er mengden fisk i anlegget mindre, og vannbehovet reduseres også når temperaturen går ned (figur 3).



Figur 1. Erfarings tall for vanntemperatur (til venstre) og teoretisk vannbehov ved produksjon av 5 millioner smolt i gjennomstrømningsanlegget til Urke Fiskeoppdrett AS (til høyre).

VANNBUDS.JETT

Minst tilrenning er det vanligvis på sommeren i juni til august, med ned mot 200 m³/min. Størst forbruk av vann er planlagt i perioden juli til september, og størst konflikt mellom tilgang på vann og vannbehov vil man oppleve på ettersommeren i august, da anlegget planlegger å bruke opp mot 30 % av den gjennomsnittlige tilrenningen (figur 4). Da står nemlig både høstmolten og den fisken som skal bli ettårssmolt neste vår i anlegget samtidig.



Sannsynlighetene for at vannføringene i vassdraget skal være under de angitte behovene er under 10 % for de aller fleste månedene (tabell 2). Dermed ligger en innenfor det som er vanlig å etablere av sikkerhet for denne type anlegg – 10-persentilen av vannføringsfordelingen. Men det betyr likevel at en kan risikere at en år om annet opplever vannføringer under behovet. Da bør en ha etablert tiltak som ekstra oksygenering, omfattende CO₂-lufting og eventuelt mulighet for tilsetning av sjøvann til den største fisken. Framprovosert leveranse av den største fisken vil også kunne være et aktuelt tiltak

Tabell 1. Varighetstabell for vannføring i Urke-vassdraget for de ulike månedenes vannføring, vist som akkumulert frekvens for de ulike vannføringene. Tallene er omregnet fra vannføringsmålinger for det nærliggende feltet til NVEs målestasjon 97.4 Skjåstad for perioden 1966 til 1997.

[illegible]

Tussa Energi AS har etablert Urke kraftverk med inntak på kote 380 i Storedalselva. kraftstasjonen blir liggende på kote 25. Det meste av vannet blir så ført tilbake til elva før det går ut i fjorden. Maksimal slukeevne i kraftverket skal være ca 3,6 m³/s, mens minste driftsvannføring blir på 0,1 m³/s

Det er planlagt slipping av minstevannføring forbi inntaksdammen på sommeren (15. mai til 30. september). Denne er av NVE fastsatt til 230 l/s som tilsvarer ca halvparten av 95% persentilen på sommeren. Det er også satt vilkår om at det skal slippes minstevannføring på vinteren. På vinteren skal vannføringen nedenfor inntaket ikke være mindre enn alminnelig lavvannføring (130 l/s). Ved lavere tilsig enn 330 l/s på sommeren og 230 l/s på vinteren vil derfor alt vannet bli sluppet i elva.

Nedstrøms inntaket i Storedalselva kommer det inn to mindre bekker fra nord. I overkant av 1 km nedstrøms inntaksdammen renner Storedalselva sammen med Litledalselva som drenerer fjellområdene i nord. Tilsiget oppstrøms inntaksdammen utgjør ca 55 % av det totale tilsiget i Urkeelva.”.

Biologisk mangfold

Som vedlegg til søknaden ligg føre ein rapport om biologisk mangfold som er basert på utgreiningar til søknaden om løyve til å bygge Urke kraftverk. Vi siterer fylgjande frå denne:

”Biologisk mangfold

I rapporten om biologisk mangfold konkluderet Gaarder (2004) med at:

”Vassdraget har begrenset variasjon i naturmiljøene og er preget av tidligere kulturpåvirkning. I utbyggingsområdet er ingen nasjonalt rødlistede arter er påvist, men en naturtype. Det er en fossesprøytsone i nedre del av Storedalselva, en hensynskrevende naturtype som har fått verdi viktig (B). I tillegg ligger øvre deler av nedbørfeltet til Urke - elva innenfor et større inngrepsfritt område, hovedsaklig 1-3 km fra tyngre tekniske inngrep, men mindre partier er også 3-5 km fra inngrep. Utbyggingsområdet ligger utenfor disse sonene”.

Det ble ut fra datagrunnlaget konkludert med at det minstevannføring ikke ville være av vesentlig betydning for det biologiske mangfoldet. I DN's lakseregister er det ikke oppført noen selvreproduserende bestand av laks (Kode Y), mens sjøaurebestanden er vurdert som: Moderat/lite påvirket – hensynskrevende (Kategori 5a).

Undersøkelsen av fisk og ferskvannsbiologi konkluderte med at det anadrome arealet i elven var for lite til å opprettholde noen egen laks og sjøaurebestand. Fiskeundersøkelsene viste også at det bare var aure i elven, og at det var lav tetthet (14 aure på 1200 m² avfisket areal). Det finnes en og annen sjøaure, sannsynligvis vil det også produseres noe sjøauresmolt i den nedre delen av vassdraget, men det er ikke en egen bestand av sjøaure i vassdraget. Lenger opp på den berørte elvestrekningen er det en og annen bekkeaure.

Med hensyn på andre ferskvannsorganismer konkluderte Bergan (2006) med at: ”Urkeelva inkludert Storedalselva og Litledalselva er et typisk vassdrag for regionen. Det kan derfor ikke forventes at bunndyrfaunaen i Urkeelva avviker fra det som forekommer i nærliggende vassdrag”.

Vannkvaliteten er næringsfattig og temperaturene er lave og det er forventet et begrenset utvalg og produksjon av bunndyr i vassdraget.

I følge Nils Håndlykken (pers. medd.) er det svært lave vanntemperaturer i vassdraget. I perioden fra 1986 til 1996 ble det ikke målt sommertemperaturer over 12 °C. Og det er flere år det ikke er blitt målt vanntemperaturer over 10 °C i råvannet til smoltanlegget. Basert på opplysninger om vanntemperaturen i elven, er det forventet at vanntemperaturen er for lav om våren/sommeren til at det vil være mulig for nyklekte lakseunger å overleve de aller fleste år (Sæggrov mfl. 2007).

I forbindelse med kartlegging av det biologiske mangfoldet ble det ikke registrert spesielle fuglearter tilknyttet selve vassdraget, men det ble regnet som sannsynlig at det hekket enkeltepar med fossefall og linerle.

Verdivurdering

Tidligere biologiske undersøkelser har ikke påvist arter som er truet. Det er heller ikke påvist naturtyper som er sjeldne eller viktige. Det er en trolig en liten produksjon av sjøaure i vassdraget, rekruttering av laks kan forekomme unntaksvis. Det er trolig ikke egne bestander av anadrom fisk (laks/sjøaure) i vassdraget. Dette underbygges av fiskeundersøkelsene i 2006. Årsaken til dette er først og fremst at produktivt anadromt areal er lite. Lav temperatur om sommeren de fleste år fører til at elven er lite egnet for rekruttering av lakseunger. Ovenfor fossen ved riksveien, er det bare innlandsaure. Bestander av innlandsaure har generelt bare lokal (liten) verdi (DN-håndbok 15). Aurebestanden i elven kan være naturlig innvandret i nedre del, noe som trekker verdien litt opp. Av andre ferskvannsorganismer er det ikke ventet å finne noen andre arter en det som er vanlig i vassdrag i regionen.

Samlet er verdien med hensyn på biologisk mangfold og fisk og ferskvassbiologi i den berørte delen av Urkeelva vurdert som liten.

Virkning av omsøkt tiltak

Et økt uttak av vann fra vassdraget i forbindelse med utvidelse av smoltanlegget vil føre til betydelig redusert vannføring i nedre del av vassdraget, spesielt om vinteren. Vannføringskurver fra vassdraget (Vedlegg til konsesjonssøknad for Urke Kraftverk) viser at det ofte vil være mindre enn 1 m³/s i elven mellom november og april. Et økt forbruk i anlegget vil føre til lengre perioder med mindre vanndekt areal sammenlignet med naturlig tilstand. Redusert vannføring om sommeren kan også føre til en noe høyere vanntemperatur på den berørte strekningen. Avstanden fra inntaket til sjøen er imidlertid relativt kort og temperaturøkningen vil trolig være marginal, spesielt siden vannføringen ofte er høy (smeltevann) i perioder med høye lufttemperaturer. Redusert vannføring i sommermånedene kan gi høyere ungfiskproduksjon i elven.

I Vassbygdelva i Aurland var det før regulering en snittvannføring på 40 m³/s, siden 1995 har det vært en minstevannføring på 0,3 m³/s gjennom store deler av vinteren, dette har gitt god overlevelse på laks og aureunger og elven har hatt høy smoltproduksjon i denne perioden.

Med fortsatt opprettholdelse av eksisterende minste vannkrav i elva er det ikke forventet negative effekter av redusert vannføring på fisk og bunndyr i elven. Elven kan bli noe mindre attraktiv som hekkelokalitet for fossefall, og som beitelokalitet, spesielt om vinteren.

Konsekvensvurdering

En utbygging med pålegg om minstevannføring på nivå med dagens betingelser vil trolig ikke føre til reduksjon i fiskeproduksjonen i Urkeelva. Elven vil bli noe mindre aktuell som lokalitet for fossefall. Den lave registrerte naturverdien i vassdraget og liten virkning av det økte

vannuttaket fører totalt sett til at en utvidelse av kapasiteten i smoltanlegget er vurdert til å ha ubetydelig negativ konsekvens på naturmiljøet."

Høyring og distriktshandsaming

NVE har mottatt følgjande høringsuttalelser til søknaden:

Ørsta kommune uttaler i brev av 16.04.2008:

SØKNAD OM AUKA PRODUKSJONSKAPASITET — URKE FISKEOPPDRETT

Viser til søknad om auka produksjonskapasitet ved Urke Fiskeoppdrett, datert 19.11.2007.

I brev datert 21.12.2007 har vi bedt søkjar om attendemelding på uklare tilhøve ved søknaden. Vi har ikkje enno ikkje motteke noko attendemelding/ avklaring. Søkjar har likevel sjølv valt å kunngjere søknaden no og den har vore lagt ut på rådhuset i perioda 13.03.08 til den 10.04.08. Det har så langt ikkje kome merknader til kunngjeringa.

Smoltanlegget på Urke er ein viktig arbeidsplass i ein elles næringsfattig del av kommunen. Det har tidlegare vore problem med kvaliteten på vassforsyning grunna skred ovanfor inntaket.

Søknaden om utviding er i samsvar med vedteken arealbruk i gjeldande kommuneplan. På kart som er vedlagt søknaden er det teikna inn bygningar/ installasjonar som vil kunne vere i strid med framlegget til ny kommunedelplan for kystsona. Søkjar har kome med merknader til dette planframlegget, men desse er enno ikkje handsama. Vårt brev her omfattar såleis berre fysisk utviding med nye utvendige kar for oppdrett som vist på kart datert den 18.09.07 vedlagt søknaden. Andre bygningar og installasjonar som vist på same kart vert ikkje vurdert her.

Byggjetiltak på eit landanlegg for akvakultur må handsamast av kommunen som byggesak på vanleg måte. Som det er peika på i vårt brev den 21.12.07 er det framleis fleire uklare spørsmål og søknaden kan såleis ikkje handsamast som byggesak no. Dersom det vert gjeve konsesjon må det gjerast greie for dei spørsmål som er stilt i vårt brev i samband med ein søknad om byggjeløyve.

Eit løyve vil også krevje konsesjon etter vassressurslova for auka uttak av vatn. Denne delen av søknaden synes mangelfull, og viktig informasjon er vanskeleg tilgjengeleg, som oversiktelege hydrologiske data og manglande kart over inntak/rørleidning. Ei løysing med inntak frå avlaupet til Urke kraftstasjon slik vi tidlegare har fått presentert planane, vil gje ei sikrare vassforsyning. Ei slik løysing vil innebere at ein må krysse nedre del av Urkeelva. Det omsøkte behovet for vassuttak er oppgitt til 1 m³/s. I samband med handsaminga av Urke kraftverk vart det sett krav til slepping av minstevassføring. Det er strekninga ovanfor samlaupet med Litledalselva som her fekk sterkast reduksjon i vassføringa ved utbygging. I sjølve Urkeelva vert vassføringa omtrent halvert nedanfor samlaupet med Litledalselva.

Urkeelva nedanfor riksvegen er definert som ei anadrom elvestrekning, sjølv om det ikkje kan definerast ein eigen bestand av laks/sjøaure etter DN sine definisjonar. Elva vil likevel ha ein viss funksjon som oppvekstområde for anadrom fisk.

Frå Tussa Energi sin søknad om bygging av Urke kraftverk finn vi at vassdraget har eit midlare årsavlaup på om lag 3,5 m³/s. Minste vassføring i 350 dagar er oppgitt til 0,41 m³/s ved utløpet i sjøen. Det vert no søkt om ei tredobling av uttaket av vatn til smoltanlegget frå ca 0,33 m³/s til 1 m³/s.

Med den avgrensa dokumentasjon som ligg i søknaden vedkomande uttak av vatn vil vi vise til at det må sikrast ei akseptabel minstevassføring i nedre del av vassdraget, slik at ein kan sikre

funksjonen som naturleg oppvekstområde. Kor vidt uttaket her vert frå det eksisterande inntaket ved kote 100 eller nedstraums kraftstasjonen er mindre avgjerande, men eit inntak ved kraftstasjonen vil bidra til betre sikkerheit for vassforsyning og til å oppretthalde ei større vassføring i område ved brua over riksvegen som er ein kjent hekkplass for fossefall. Restfeltet frå kraftstasjonen til smoltanlegget er minimalt og vil ikkje gje særleg tilsig som kompensasjon for det vatnet som vert teke ut.

Lokaliteten ligg innanfor grensa for den tidlegare sikringssona (ms1) for laksefisk i Hjørundfjorden- Storfjorden som var fastsett for å ivareta nokre av dei viktigaste ville laksebestandane. Hjørundfjorden var også saman med Storfjorden med i Direktoratet for Naturforvaltning (DN) si faglege innstilling til ferdigstilling av ordninga med nasjonale laksefjorlar. I landbaserte anlegg med lukka kar/kummar er det avgjerande viktig at anlegga vert utforma og sikra med td fin rist på avlaup, mot rømming og spreining av sjukdommar til dei ville anadrome bestandane."

Møre og Romsdal fylke har konkludert slik i si fråsegn av 23.02.2009:

"Konklusjon

I samband med konsesjonsbehandlinga av kraftstasjonen i vassdraget er det gitt uttrykk for at austlege deler av vassdraget ikkje skal ha inngrep eller bli regulert. Vassdraget vil derfor ha ei naturleg vassføring som er påverka av nedbør og snøsmelting. Det er uklart kor mykje vatn som kan takast ut av vassdraget når krav til minstevassføring samstundes skal oppfyllest.

Vi meiner at vassdraget minst må oppretthalde dagens minstevassføring. Om dette er nok i forhold til vassforskrifta sitt vilkår om å oppretthalde ein god økologisk tilstand er usikkert og krev meir omfattande vurderingar enn det som er lagt fram i søknaden. Overvakning av viktige parametrar kan gje betre svar på om denne vassføringa er tilfredsstillande.

Det går ikkje fram av søknaden korleis minstevassføringa skal sikrast og dokumenterast. I møte med søkjaren foreslo dei at det blei etablert ei overløpsordning ved vassinntaket. Dette spørsmålet bør NVE ta standpunkt til i samband med si vurdering etter vassressurslova.

Vi er usikre på kva produksjonsramme som er forsvarleg med dagens teknologi samstundes som kravet til minstevassføring skal oppfyllest til ein kvar tid. Det er derfor vanskeleg å gje eit utsleppsløyve basert på eit konkret produksjonstak. Vi tør derfor be Fiskeridirektoratet komme med tilbakemelding om dette når kravet til minstevassføring er avklart med NVE.

Urkeelva inngår i Søre Sunnmøre Vassområde. Vurderingar og vedtak hos Fiskeridirektoratet, NVE, Mattilsynet, Møre og Romsdal fylke må derfor vere samordna innafor dei rammer som forvaltningsplanen for vassregionen inneheld.

Utsleppsløyvet etter forureiningslova vil bli skrive ut så snart ny produksjonsramme er avklart."

Vidare frå saksutgreiinga frå fylket:

"Eksisterande anlegg

Settefiskanlegget tar i dag vatn frå Urkeelva på kvote 100. Det er sett vilkår om minstevassføring på 50 l/s om vinteren og 150 l/s om sommaren, målt ved Urke bru. Utsleppet skjer til sjøen på om lag 20 m djup. Det blir ført sjøvatn til varmevekslar i anlegget for å få gunstig temperatur i produksjonen. Vassforsyning skal skje frå eksisterande inntak og frå avløpet frå kraftstasjonen på kote 24.

Konsesjonen for kraftstasjonen inneheld vilkår om at det skal sleppast vatn nedstrøms vassinntaket i Langedalen. Vi har fått opplyst at det i vinter har vore så lite vatn at kraftstasjonen er blitt stoppa for å tilfredstille dette vilkåret.

Søknaden inneheld visse vurderingar om minstevassføring i Urkeelva. Rådgivende Biologer AS har i rapport datert mars 2008 vurdert at pålegg om minstevassføring på nivå med dagens vilkår truleg ikkje vil føre til reduksjon av fiskeproduksjon i Urkeelva. Elva vil bli noko mindre aktuell som lokalitet for fossefall. Dei vurderer at en utviding av smoltanlegget vil ha ubetydelig negativ konsekvens for naturmiljøet.

Søknaden om utviding er i samsvar med vedteken arealbruk i gjeldande kommuneplan. Søknaden blei lagt ut til offentleg høyring i perioden 13.03.2008 - 10.04.2008. Det har ikkje kome inn merknader i saka. Vassuttaket og utsleppet vil ikkje føre til slik fare for forureining at det ikkje kan bli gitt utsleppsløyve. Utsleppsløyvet vil bli gitt når det er klart kva produksjonsramme som elles blir godtatt for anlegget.

Friluftsliv og fiske

Det er tidlegare dreve med kultiveringsarbeid i nedre del av Urkeelva. Elva har anadrom laksefisk opp til brua. På bakgrunn av vurderingane frå Rådgivende Biologer AS synest det å bli ubetydeleg negativ konsekvens av tiltaket dersom dagens minstevassføring blir oppretthalden. Ein føreset at anlegget får reinsing og utsleppsordning som hindrar rømming og smitte av villfisk i fjorden og elva.

Naturvern

Settefiskanlegget vil ikkje komme i kontakt med område med spesielt vern etter naturvernlova. Gjennom krav om minst å oppretthalde dagens minstevassføring vil ein ta omsyn til biologisk mangfald. Om dette er nok i forhold til vassforskrifta sitt krav om å oppretthalde god økologisk tilstand er usikkert og krev meir omfattande vurderingar enn det som er lagt til grunn i søknaden. Overvakning av viktige parametrar kan gje svar på om denne vassføringa er god nok.

Vilt

Eit settefiskanlegg på land vil ha liten påverknad og konflikt med viltinteresser. Det bør vere nett over utvendige kar for å hindre konflikt med m.a. fugl. Vi gjer merksam på at ein ikkje utan vidare kan rekne med å få fellingsløyve for dyr som gjer skade. Eventuelle skader må generelt bli søkt redusert ved førebyggjande tiltak."

Søkjar sine kommentarar til mottatte fråsegner

Søker har i brev av 29.04.2009 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

"Anlegget har samla driftserfaringar frå 1986, og har sidan 1989 hatt konsesjon på 1 mill smolt.

Forbruket vårt har for det første vore begrensa av tilgangen av vatn i elva, samstundes som fastsett minstevassføring på 50 liter/sek om vinteren og 150 liter om sommaren (målt under Urke Bru Rv 655) skulle overhaldast. I løpet av desse 20 åra er det funne ut at minste tilgang av vatn til anleggsdrifta er om lag 13 000 liter/min (230 l/sek) og at dette kjem i perioden desember - mars. Enkelte vintrar har vassføringa (tilgjengeleg) lagt over 350 l/sek heile vinteren, avhengig av temperatur og nedbørsmengde. Tilførselsleidningane frå 1986 hadde ein utrekna kapasitet på 15 000 l/min, men kan skaffe max 20 000 l/min då fallhøgda er over 90 meter.

I perioden april – november har det alltid vore rikeleg med vatn, og restvassføringa i elva har alltid lagt langt over fastsett minstevassføring.

Dei nye tilførselsleidningane kan gi oss meir vatn (inntil 2 m³/sek) frå avløpet til Urke Kraftverk. Ved full drift er avløpet frå kraftverket på 3,8 m³/sek ved høgaste belastning om sommaren.

Som produksjonsplanen viser, kan vi utvide og ha same krav til minstevassføring som tidlegare fastsett, då den vesentlege auken i biomasse/vassforbruk er lagt til tider på året då vasstilgangen er god. På grunn av isbrear og sein avsmelting i høgda er det aldri sommartørke i høgda.

I dei 23 åra vi har hatt drift, er det ikkje registrert vesentlege endringar i vassdraget.

I samband med stopp av vatnet i elva ved snøfonner som stengjer elveløpet og held tilbake vatnet i fleire timar (sk fonnstopp), er det etablert ein lagertank/alarm ved det gamle inntaket. I tillegg er det avtala med Tussa/Urke Kraftverk at me kan tappe frå inntaksdam/rørgate for å sikre ei minste utskifting av vatn ved fonnstoppen. Reserven her vil vere inntil 5000 m³ som står i inntaksdam og rørgate.”

NVE gjennomførte synfaring av området 26.06.2009. Tussa kraft AS var representert på synfaringa og orienterte om opplegget for å etablere vassuttak til settefiskanlegget frå utløpet av Urke kraftverk.

Skriftleg del av orienteringa frå Tussa kraft AS:

”Emne: Urke kraftverk. Levering av vatn til fiskeanlegg.

Urke kraftverk er bygd for å kunne levere vatn til nedanforliggende fiskeanlegg under drift og ved stillstand. Anlegget er bygd og dimensjonert i samråd med fiskeanlegget, og kan delast i 3 funksjonar.

Levering av vatn under drift i kraftverket.

Det er bygd eit system med silrister og 2 stk inntakskummar i avløpet. Frå kummane er det lagt 2 stk 600 mm rør til fiskeanlegget.

Det er vidare bygd ein 2 m høg foss i enden av avløpet som skal sperre for oppgong av villfisk. Med dagens krav til vasslepping ved inntaket, må kraftverket takast ut av drift delar av vinteren.

Automatisk levering av vatn ved stopp i kraftproduksjon.

Det automatiske tappesystemet er bygd med høge krav til sikker funksjon og skal alltid opne ved utfall av stasjonen eller andre feil i anlegget.

Tappeventilen er justerbar og er dimensjonert for å levere 250 l/sek.

Den er vidare utstyrt med eit manuelt system som kan brukast for regulering av ventilen ved feil på trykkoljeanlegget.

Manuelle tappesystem.

I eigen kum på utsida av stasjonsbygget, er det installert eit manuelt tappesystem tilkobla turbinrøret. Inneheld eit stk tapperør DN 50 dimensjonert for 50 l/sek, og eit stk rør DN 250 dimensjonert for levering av 500 l/sek.

Det automatiske og det manuelle tappesystemet kan brukast separat eller saman, og fiskeanlegget vil ha tilgjenge til kraftanlegget for regulering av vassmengd.”

Norges vassdrags- og energidirektorat sine (NVE) sine merknader

Om søkjar

Urke Fiskeoppdrett AS vart starta i 1985, og har drive kontinuerleg med produksjon av settefisk sidan 1986, først med konsesjon på førebels 500 000 stk pr år, frå 1989 utvida løyve til for produksjon av 1000 000.

Om søknaden

Produksjonen av settefisk på Urke i Ørsta vart starta opp i 1985 og gjeldande produksjonsramme har frå 1989 vore 1 mill sjødyktig settefisk. Søknaden gjeld ei utviding til 5 mill.

I søknaden er det skissert ei gradvis utviding av produksjonsanlegget basert på etablert anlegg med vassuttak på 20 m³/min (330 l/s) for vassuttak frå Urkeelva og at det i tillegg vert etablert 2 nye vassleidningar frå utløpet til Urke kraftverk som no er sett i drift. Med vassuttaket frå kraftverket vil vassstilgangen i høve til eksisterande anlegg gje ei auke på 1 m³/s (1000 l/s). Ved full utbygging for ein produksjon av 5 mill sjødyktig settefisk, blir det lagt opp til at det i periodar må nyttast UV-rensa sjøvatn om vinteren og ei viss grad av resirkulering/reinsing/gjenbruk av ferskvatn.

I søknaden er gjort greie for, og lagt fram, aktuell dokumentasjon på vassressursen i høve til vassforbruket som vil vere naudsynt for den planlagte produksjonsauken i anlegget.

Eksisterande forhold i vassdraget

Vassuttak og hydrologiske verknader:

Urkeelva (097-42Z) har eit nedbørfelt på 30,11 km² og eit årleg tilsig på 110,25 mill m³ eller 210 m³/min (3,5 m³/s) i gjennomsnitt ved utløpet til sjøen. Delar av nedbørfeltet ligg høgt til fjells der nedbøren kjem som snø i store deler av vinterhalvåret. Snøsmeltinga gjev dei fleste år stor avrenning til vassdraget frå våren og gjennom heile sommaren med ei midlare vassføring på 350 m³/min (ca. 5,8 m³/s). I perioden september - oktober er midlare avrenning 230 m³/min (3,8 m³/s). I vinterperioden februar og mars er midlare avrenning 100 m³/min (1,7 m³/s).

Urkeelva har to sideløp som har samløp like nedafor Haukåsetra og derfrå dannar dei Urkeelva. Det eine sideløpet er Storedalselva som har eit nedbørfelt før samløpet på ca 17 km². Det andre sideløpet; Litledalselva, har eit nedbørfelt på 10 km². Feltet frå samløpet mellom dei to elvane og ned til sjøen utgjer i overkant av 3 km².

Urke Fiskeoppdrett sitt etablerte vassuttak ligg i Urkeelva like ovanfor kote 100. Røyrleidning ned til settefiskanlegget ved fjorden er lagt i grøft og tildekket. Eksisterande inntak har ein maksimal kapasitet på ca. 20 000 l/min (ca. 335 l/s). Eksisterande inntak saman med nye inntaksledningar frå Urke kraftstasjon og anlegg vil vere dimensjonert for eit samla vassuttak frå vassdraget på opp til 80 000 l/min som tilsvarar omlag 1330 l/s. Smoltanlegget har i dag eit krav om minstevassføring på 50 l/s om vinteren og 150 l/s om sommaren. Målepunkt for minstevassføringa er ved Urke bru, i nedre deler av vassdraget.

Vassforbruket ved den planlagte utvidinga vil være størst i juli og august, med høvesvis ca vel 53 m³ (880 l/s) og ca 66 m³/min (1100 l/s) som er teoretisk utrekna maksimalt forbruk i desse to månadane. Vassforbruket er utrekna ut frå ein kombinasjon av storleik på fisken og vassstemperatur. Det er på denne tida at fisken veks best og det er størst biomasse i anlegget. Etter at haustsmolten er ute av

anlegget i løpet av oktober, er mengde fisk i anlegget mindre, og vassbehovet blir i tillegg redusert når temperaturen går ned.

Urke kraftverk, som fekk utbygingsløyve i 2006, er no i drift. Kraftverket har inntak i Storedalselva og nyttar eit nedbørfelt på ca 15 km². Kraftstasjonen er bygd på Urke på ca. kote 25. Kraftstasjonen har ei maksimal slukeevne på 3,6 m³/s og ei minste driftsvassføring på 100 l/s. Etter konsesjonsvilkåra for kraftverket skal det sleppast forbi inntaket ei minstevassføring til Storedalselva på 230 l/s i perioden 15. mai til 30. september og 130 l/s i perioden 1. oktober til 14. mai. I praksis vil det vere slik at tilsiget ved inntaket i Storedalselva i lågvassperiodar, må vere minst 330 l/s om sommaren og 230 l/s om vinteren før kraftverket kan driftast.

I samband med utbygginga av Urke kraftanlegg er det lagt røyrleidning mellom utløpet frå kraftstasjonen og fram til settefiskanlegget. I kraftstasjonen er det etablert forbitappingsarrangement for å sikre fiskeanlegget vatn ved stopp i stasjonen.

I konsesjonssøknaden for kraftverket vart det argumentert med at fiseoppdrettsanlegget vil få ei mykje sikrare og reinare vasskjelde med vassuttak frå kraftverksanlegget. Det utvida vassuttaket til settefiskanlegget var omtala i søknaden og i vurderingane for konsesjonen for kraftverket.

Det er både i søknaden for settefiskanlegget og for kraftverket vist til at dalføret oppover frå Urke er svært utsett for snøskre, både på øvre strekninga av Urkeelva og i dei to sideelvane, Storedalselva og Litledalselva. Slike snøskre ("fonner") som er årvisse, har medført oppdemming og mellombels stopp i vasstilførsla mot inntaket til settefiskanlegget. I tillegg har slike hendingar medført ureining av vatnet og større driftsmessige problem for settefiskanlegget. "Fonnstopp" fører også til kortare peiodar med delvis tørlegging av elvestrekkja nedover mot sjøen. Etablering av Urke kraftverk med opplegg for direkte vassuttak til settefiskanlegget i utløpet frå kraftverket, blir vurdert som ei svært viktig sikring mot ulemper som slike hendingar har medført på vinterstid. Etter post 1 i vilkåra som er fastsett i konsesjonen for kraftverket er det teke med fylgjande:

"Dersom elveløpet blir stengt av snøras kan konsesjonæren pålegges å slippe vann forbi dammen eller fravike minstevannføringsbestemmelsene for å åpne elveløpet eller unngå skader."

I kombinasjon med vassuttak frå kraftverksanlegget og tidlegare etablert vassuttak direkte i Urkeelva, vil settefiskanlegget i praksis ha tilgang til ein samla vassressurs som i mengde er om lag som før utbygginga av Urke kraftverk.

Sjølv om settefiskanlegget i praksis vil ha tilgang til same vassmengde som før vil det også være slik at tilgang til vatn i lågvassperiodane heller ikkje vert endra. Søkjar har i sine kommentarar til innkomne merknader ma. presisert at:

- *"Forbruket vårt har for det første vore begrensa av tilgangen av vatn i elva, samstundes som fastsett minstevassføring på 50 liter/sek om vinteren og 150 liter om sommaren (målt under Urke Bru Rv 655) skulle overhaldast. I løpet av desse 20 åra er det funne ut at minste tilgang av vatn til anleggsdrifta er om lag 13 000 liter/min (230 l/sek) og at dette kjem i perioden desember-mars.*
- *I perioden april – november har det alltid vore rikeleg med vatn, og restvassføringa i elva har alltid lagt langt over fastsett minstevassføring.*
- *Dei nye tilførselsleidningane kan gi oss meir vatn (inntil 2 m³/sek) frå avløpet til Urke Kraftverk. Ved full drift er avløpet frå kraftverket på 3,8 m³/sek ved høgaste belastning om sommaren.*

- *Som produksjonsplanen viser, kan vi utvide og ha same krav til minstevassføring som tidlegare fastsett, då den vesentlege auken i biomasse/vassforbruk er lagt til tider på året då vasstilgangen er god.”*

Høyring og handsaming i distriktet

Nedanfor fylgjer i kort oppsummering av hovdepunkta i innkomne fråsegner:

Ørsta kommune påpeikar at Urke settefiskanlegg er ein viktig arbeidsplass i ein elles næringsfattig del av kommunen. Dei gjer merksame på at Urkeelva nedanfor riksvegen er definert som anadrom og vil ha ein viss funksjon som oppvekstområde for anadrom fisk.. Kommunen meiner at det må sikrast ei akseptabel minstevassføring for at anadrom strekning og fossefall skal verte ivareteke.

Møre og Romsdal fylke meiner at minst eksisterande minstevassføring lyt oppretthaldast ved eit ev. auka vassuttak. Dei peikar samstundes på at det kan vere usikkert om dette er nok i forhold til vassforskrifta sitt vilkår om å oppretthalde ein god økologisk tilstand. Fylket påpeikar at det må sikrast ei akseptabel minstevassføring i nedre del av vassdraget, slik at ein kan sikre funksjonen som naturleg oppvekstområde for sjøaure.

Arealbruk

Ørsta kommune har i si fråsegn vist til at søknaden om utviding er i samsvar med vedteken arealbruk i kommunen. I høve til andre offentlege planar har kommunen peika på at det på kart som er vedlagt søknaden er teikna inn bygningar/installasjonar som vil kunne vere i strid med framlegget til ny kommunedelplan for kystsona.

Verknader som tiltaket vil medføre

Etter NVE si vurdering er dei viktigaste fordelane og ulempene desse:

Fordelar

Prosjektet vil gi grunnlag for ein vesentleg auka produksjon av settefisk og sikre lokal aktivitet og verdiskapning.

Ulemper

Ei utviding av produksjonen vil i periodar føre til redusert vassføring i Urkeelva på strekninga frå uttaket frå kraftstasjonen og nedover mot sjøen. Utan vilkår som sikrar ei viss minstevassføring kan det oppstå periodar med kritisk låg vassføring for livet i elva.

NVE si vurdering

Ingen av høyringspartane går i mot at det blir gjeve løyve til utviding av settefiskanlegget. Møre og Romsdal fylke har ikkje spesielle innvendingar mot at det blir gjeve løyve, men peikar på at det må settast vilkår om minstevassføring i Urkeelva. Fylket vurderer det slik at vassdraget minst må oppretthalde dagens minstevassføring (50 l/s om vinteren og 150 l/s om sommaren), men peikar samstundes på at det kan vere usikkert om dette er nok i forhold til vassforskrifta sitt vilkår om å oppretthalde ein god økologisk tilstand. I fråsegna er det vist til at dokumentasjon som ligg i søknaden vedkomande uttak av vatn er avgrensa. Fylket påpeikar at det må sikrast ei akseptabel

minstevassføring i nedre del av vassdraget, slik at ein kan sikre funksjonen som naturleg oppvekstområde for sjøaure. Fylket meiner at inntak ved kraftstasjonen vil bidra til betre sikkerheit for vassforsyning og til å oppretthalde ei større vassføring i området ved brua over riksvegen som er ein kjent hekkeplass for fossefall. Dei påpeikar at restfeltet frå kraftstasjonen til smoltanlegget er minimalt og ikkje vil gje særleg tilsig som kompensasjon for det vatnet som vert teke ut.

I søknaden er det lagt opp til at maksimalt vassuttak til settefiskanlegget blir auka frå dagens uttak på 20 m³/min (330 l/s) til ca. 80 m³/min (1330 l/s). Midlare vassføring i vassdraget gjennom året er ca 3,5 m³/s (3500 l/s).

Det eksisterande settefiskanlegget som vart etablert i 1985 fekk fastsatt vilkår om minstevassføring til Urkeelva på eit tidspunkt då større vassuttak til andre føremål ikkje var kjent. Utbygging og drift av Urke kraftverk har medført stor reduksjon i vassføringa Stordalselva og i Urkeelva frå samløpet mellom Stordalselva og Litledalselva og nedover til kote 25. Ved fastsetting av vilkåra for Urke kraftverk vart det ikkje drøfta eller gjeve innspel på at fråføring av vatn frå vassdraget gav ein ny situasjon med verknad for den minstevassføringa som var fastsett for settefiskanlegget. Eit viktig moment er at Urke kraftverk kan ta ut opp til 3,6 m³/s frå Stordalselva med eit feltareal ved inntaket på ca 15 km². Minstevassføringa forbi inntaket til kraftverket til Stordalselva er sommar/vinter fastsett til høvesvis 230/130 l/s. NVE ser det slik at vassføringsregimet i Stordalselva er fastlagt gjennom konsesjonen for Urke kraftverk. I spesielt tørre periodar vil tilsiget vere så lite at det ikkje er nok vatn til både å drifte kraftverket og å sleppe vilkårsfesta minstevassføring til Stordalselva. Det er lagt opp til at settefiskanlegget i kritiske periodar med t.d. "fonnstopp" skal kunne ta ut noko vatn frå røyrgata til Urke kraftverk. For det nye inntaket til settefiskanlegget vil driftsvassføringa gjennom kraftverket i sommarhalvåret i hovudsak vere rikeleg. Gjennom vinteren vil likevel tilsiget bli vesentleg mindre og i periodar vil settefiskanlegget kunne nytte heile driftsvassføringa sjølv om vassforbruket i anlegget, slik det er vist til i søknaden, fylgjer det som er typisk tilsig gjennom året.

Med etablert og planlagt uvida bruk av vassressursen i settefiskanlegget vil periodane med vassføring ned mot nivå for gjeldande minstevassføring ved Urke bru bli vesentleg lengre enn før. Det vil, slik NVE vurderer det, kunne bli kritisk lite vatn i lengre periodar dersom anlegget blir drifta som eit reint gjennomstrøymingsanlegg.

I rapport om "*Konsekvensar for fisk og ferskvassbiologi*", utarbeidd av SWECO GRØNER som del av utgreiingane i konsesjonssøknaden for Urke kraftverk, vart det konkludert med at anadrom laksefisk (laks og sjøørret) kan gå ca. 500 m opp i elva. Det blei her utført bonitering og el-fiske på deler av den anadrome strekninga. Det blei fanga 14 aure og to kan klart definierast som sjøaure. Resultat frå SWECO si utgreiing viste at det ikkje er selvreproduserande bestand av verken laks eller sjøaure i elva i henhold til definisjonar fra Direktoratet for naturforvaltning (kreves minst 50 hunnfisk i gytebestanden). Det blei også fiska med elektrisk fiskeapparat på tre lokaliteter ovanfor anadrom strekning. Sweco meiner at slepping av minstevassføring på vinteren vil gje noko redusert negativ påvirkning av tiltaket, men nytta av dette blir vurdert som svært liten.

NVE oppfattar det slik det at det i denne rapporten ikkje er med ei vurdering av at settefiskanlegget skal etablere vassuttak direkte i utløpet frå kraftverket. Dette uttaket vil såleis medføre at ein stor del av vassføringa frå kraftverket i periodar med lite tilsig kan bli nytta gjennom settefiskanlegget og ikkje vert ført attende til Urkeelva

Med grunnlag i at det i den nedre delen av elva førekjem anadrom fisk, meiner NVE at vilkårsfesta minstevassføring må vere slik at den sikrar elvestrekkja som gyte- og oppvekstplass for anadrom fisk, og levestad for andre vasslevande organismar. Nedanfor brua, ved målepunkt for minstevassføring er det ein kulp der det jamnleg blir registrert fossefall. Kulpen er ein egna stad for fossefallet sitt

næringsøk, og ei minstevassføring vil her oppretthalde eit visst driv av næringsdyr. Fossekall er ikkje på raudlista, men er sårbar ved vasskraftutbyggingar og andre vassuttak der elvestrekkjet i periodar blir tørrlagt.

Maksimalt vassuttak til settefiskanlegget på ca. 40 % av middelvassføringa i vassdraget er relativt moderat i høve til den samla vassressursen i vassdraget. Driftsopplegget i anlegget vil imidlertid vere slik at det i deler av eit år med midlare tilsig, og då i periodar med stor biomasse i anlegget, vil kunne bli knapt med vatn i eit reint gjennomstrøymingsanlegg. I tørre år vil det ut i frå framlagte planer med stor sansynlegheit bli periodar med kritisk lite vatn til anlegget sjølv med oksygenering og CO₂ lufting slik teknologien er i dag. Dei planlagte tiltaka for å spare vatn, slik det er framstilt, vil i følge søknaden kunne sikre drifta i anlegget i periodar med lite vatn, utan større vassuttak frå elva enn med det eksisterande anlegget. NVE gjer merksam på at det vil vere søkjar sitt ansvar å halde seg innafør dei vilkåra som ligg i ein ev. konsesjon.

NVE er samd med fylket som meiner at det bør fastsettast ei minstevassføring slik at elva på den aktuelle strekninga blir sikra ei viss vassføring gjennom heile året. Det er ikkje dokumentert at elva har nokon "livskraftig bestand" av anadrom fisk og det er heller ikkje fokusert på at den aktuelle elvstrekkja har gunstige naturlege vilkår for at ein slik bestand kan bli etablert. NVE ser det slik at sjølv om elvesubstrat og falltilhøve på strekninga set klare avgrensingar for fiskeproduksjon og ev. utøving av fiske, er det eit viktig mål å sikre at levetilhøva for fisk blir vektlagt gjennom eit kontrollert vassføringsregime som hindrar tørrlegging.

Det er ikkje lagt fram dokumentasjon på at minstevassføringa, slik vilkåra til eksisterande anlegg er fastsett, har medført vesentlege skader eller ulemper.

Det nye driftsregimet for vassdraget vil bety ei vesentleg sterkare utnytting av vassressursen og periodane i vinterhalvåret med vassføringar ned mot nivå for gjeldande minstevassføringskrav vil bli **betydeleg lengre**. NVE meiner derfor at gjeldande vilkår for settefiskanlegget må justerast slik at kravet til minstevassføring vert auka noko for å redusere belastninga i vassdraget.

Sjølv om det nye driftsregimet for vassdraget vil bety ei sterkare utnytting av vassressursen og periodane i vinterhalvåret med vassføringar ned mot nivå for fastlagt minstevassføring blir lengre, finn NVE at med vilkår som fastset ei relativt moderat minstevassføring vil dei negative følgiane av auka vassuttak vere avgrensa.

Oppsummering

NVE legg vekt på at tiltaket vil betre grunnlaget for auka produksjon i settefiskanlegget og dermed **sikre vidare drift og arbeidsplassar knytt til anlegget**. Planlagt auke i vassuttaket er betydeleg, men likevel relativt moderat i høve til den samla vassressursen i vassdraget med midlare tilsig på 3,5 m³/s på årsbasis og midlare sommarvassføring på ca 5,8 m³/s. I midlare år vil det også om vinteren vere god tilgang på vatn, men i einskilte år kan det bli periodar då tilsiget kan bli knapt for å sikre drifta. For eit settefiskanlegg vil det vere avgjerande at produksjonsopplegget vert dimensjonert slik at anlegget også kan driftast gjennom kortare og lengre periodar i tørrår med lite tilsig til vassdraget. NVE si vurdering er at planlagt utviding og sikring av drifta må baserast på eit opplegg med fleire former for vassparingstiltak slik det er omtalt i søknaden.

I konsesjonen for Urke kraftverk er det vist til at den nedre strekninga av Urkeelva frå utløpet av kraftstasjonen og ned til sjøen, ein strekning på ca 400 m, berre blir marginalt påverka av den planlagde utbygginga. Det er også peika på at vassføringa i elva like oppstraums utløpet frå kraftstasjonen vil vere om lag 50 % av naturleg vassføring. NVE ser det slik at utvidinga av

settefiskanlegget med nytt vassuttak frå utløpet av kraftstasjonen i periodar med lite vil tilsig kunne ta ein vesentleg del av driftsvassføringa gjennom stasjonen, og den nedre elvestrekninga vil i lengre periodar få sterkt redusert vassføring.

NVE meiner at det ved ein ev. konsesjon må settast vilkår om minstevassføring til Urkeelva som er noko større samanlikna med gjeldane vilkår for det etablerte settefiskanlegget. Med grunnlag i framlagt dokumentasjon på situasjonen i elva, med dagens gjeldande minstevassføringskrav og potensialet for anadrom fisk, er det NVE si vurdering at ei realtivt moderat minstevassføring vil vere akseptabel for å sikre tilhøva i elva om vinteren for anadrom fisk, fossefall og anna vasstilknytta liv.

Med ei vilkårsfesta minstevassføring gjennom heile året og etablering av planlagte tiltak for å spare vatn, er det NVE si vurdering at utvida konsesjon slik som omsøkt ikkje i nemnande grad vil gje verknader for vassdraget som er annleis enn det som har vore situasjonen med drifta av det eksisterande anlegget. Noko auka minstevassføring er etter vår vurdering naudsynt for å vege opp for det sterkt auka vassuttaket til settefiskanlegget.

NVE ser at vilkår om auka minstevassføring og større produksjon av fisk vil kunne føre til oftare og lengre periodar med vassstilgang som kan bli kritisk liten. Det må difor presiserast at ei slik utviding av produksjonen som det er lagt opp til, ikkje vil vere forsvarleg utan at det blir etablert tiltak som i tilstrekkeleg grad sikrar drift i anlegget gjennom lågvassperiodar utan at det går utover kravet til minstevassføring. NVE føreset difor at det ved ein ev. konsesjon blir etablert tiltak i anlegget med kapasitet som er slik at drifta kan sikrast også med ei noko større minstevassføring enn før.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering av planane og dei fråsegner som ligg føre, meiner NVE at fordelane ved utviding og vidare drift av settefiskanlegget er større enn skader eller ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Urke Fiskeoppdrett AS får på dette grunnlag løyve etter vassressurslova § 8 til å auke vassuttaket frå vassdraget. Det nye uttaket saman med det allerede etablerte vassuttaket skal vere avgrensa til maksimalt 80 m³/min (1330 l/s). Anlegget skal etablerast med tiltak for vassparing slik det går fram av søknaden.

Konsesjon vert gitt på nærare fastsette vilkår.

Kommentarer til konsesjonsvilkåra

Post 1. Minstevassføring og vassuttak

Følgjande tal for vassføring er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for NVE si vurdering av vassuttak og vilkår om minstevassføring:

Middelvassføring Urke elv	l/s	3500
Middelvassføring etter inntak Urke kraftverk	l/s	1600
Alminneleg lågvassføring (Storedalselva/Litledalselva)	l/s	250/136
Maksimalt vassuttak	l/s	1330

Minstevassføring:

Lokaliseringa for slepping av minstevassføring vil vere frå det etablerte inntaket i Urkeelva, men med plassering av målestad ved Urke bru slik som for det eksisterande anlegget. Meir vatn vil nyttast i det nye anlegget, og NVE meiner det vil vere nødvendig med kompenserande krav slik at det anadrome strekkjet blir ivareteke i tilstrekkeleg grad. Med det nye vassuttaket til settefiskanlegget frå kraftstasjonen vil ikkje det eksisterande vassuttaket nyttast like aktivt som tidlegare. Frå det planlagte uttaket til settefiskanlegget frå kraftstasjonsutløpet kan eit nebørfelt på 17 km² nyttast. Nedanfor inntaket til Urke kraftverk kjem Litledalselva inn med eit betydeleg nedbørsfelt på om lag 10 km² som ikkje kan nyttast i det nye planlagte vassuttaket men som saman med minstevassføring for Urke kraftverk vil gje eit godt tilsig til eksisterande inntak i Urkeelva. NVE vurderar den anadrome strekninga i Urkeelva som den viktigaste delen av elva med tanke på allmenta.

I store delar av året vil det vere god restvassføring i Urkeelva nedafor den etablerte uttaksstaden for vatn til settefiskanlegget. Ved vassføring tilsvarende middelvassføring på ca 1930 l/s og større (etter vassuttaket til Urke kraftverk) om sommaren vil det på strekninga mellom inntaket og ned til der utløpet frå kraftstasjonen blir ført inn i elva, i eit midlare år, være ei restvassføring på 1600 l/s eller meir, sjølv med maksimalt uttak til settefiskanlegget ved det etablerte inntaket.

NVE meiner at den nedre delen av Urkeelva er den viktigaste delen av som blir påverka av tiltaket. Med eit inntak ved utløpet i kraftstasjonen kan settefiskanlegget nytte ei langt større vassføring samanlikna med tidlegare. NVE ser det av betydning at det slippes noko høgare minstevassføring forbi Urke bru samanlikna med eksisterande krav. Av hensyn til anadrom fisk, fossefall og andre vasslevande organismar i og ved vasstrengen skal det sleppast ei minstevassføring til Urkeelva forbi eksisterande målepunkt ved Urkebru på minst 200 l/s i perioden 15. mai til 30. september. For resten av året skal det sleppast ei vassføring på minimum 80 l/s. Ei minstevassføring som omtalt vil sikre at vasstrengjen ikkje vil bli tørrlagt. Settefiskanlegget skal ikkje kunne nytte vatn frå vasstrengen etter Urke bru.

Det skal etablerast ei måleanordning for kontinuerleg registrering av minstevassføring. Målestaden skal knyttast til eksisterande målestad ved Urke bru. Aktuelle data skal leggjast fram for NVE ved førespurnad. Den tekniske løysinga for å dokumentere slepping av minstevassføringa skal vere ein del av godkjenning av detaljplanen for anlegget

Blir tilsiget i periodar mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Vassuttak:

Vassuttaket frå utløpet frå Urke kraftverk skal avgrensast til maksimalt 60 m³/min (1000 l/s). Frå inntaket i Urkeelva skal det maksimalt takast ut 20 m³/min (335 l/s). Vassmålar skal installerast og vassuttaket loggførast kontinuerleg.

Post 2. Byggjefristar m.v.

Fristen gjeld også for aktuell etablering/ombygging av det etablerte elveinntaket. Tiltaket må vere godkjent av NVE etter vilkåra i post 4, og arbeidet vere sett i gang innan tre år etter at dette løyvet er gjeve. Vidare må arbeidet fullførast i normalt tempo.

Post 3. Konesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konesjonæren pliktar å sjå til at han sjølv, hans kontraktørar og andre som har med anleggsarbeidet og drifta å gjere, unngår øydelegging av naturførekomstar, landskapsområde, fornminne osb. Om slike øydeleggingar ikkje er til å unngå, skal rette fagmynde underrettast i god tid.

Post 4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve m.v.

Detaljerte planar skal godkjennast av NVE og sendast til NVE sitt regionkontor i Førde i god tid før arbeidet vert sett i gong. Detaljar med prosjektet som ev vegar, landskapsmessige tilhøve, anordning for nedtapping, inntak, vassleidningar m.v vil liggje under denne post.

Eventuell nedlegging av anlegget eller delar av anlegget skal gjennomførast i samsvar med prosedyrar etter denne posten.

Post 5. Naturforvaltning

Eventuelle pålegg i medhald av vilkåret må være relatert til skader forårsaka av tiltaket og stå i forhold til tiltaket sin storleik og verknadar. Konesjonæren pliktar etter nærare pålegg av fylkesmannen å sørge for at tilhøva i vassdraget er slik at dei stadeigne fiskestammene i størst mogleg grad opprettheld naturleg reproduksjon. Fylkesmannen kan gje pålegg om tiltak for å kompensere for skader på den naturlege rekruttering av fiskestammene.

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å påleggje konesjonær å etablere tersklar, eller gjere andre biotopjusterande tiltak som bygging av tersklar, utdjupeing av kulpar i elvelaupet mv. dersom dette seinare skulle vise seg naudsynt.

Dersom inngrepa fører til erosjonsskadar, fare for ras eller overfløyming, eller aukar faren for at slike skadar vil inntreffe, kan NVE påleggje konesjonæren å koste sikringsarbeid eller delta med ein del av utgiftene med dette.

Andre merknader

"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gir saker som har vore i gjennom konesjonshandsaming etter vassressurslova fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. I denne konkrete saka vil fritaket som her er vist til gjelde for vassdragsdelen av anlegget og omfattar inntaksdam, rørleidningar mellom inntak og settefiskanlegget, arrangement for minstevassføring, registrering av denne og måleopplegg for vassinntak i sjølve settefiskanlegget. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid arealdelen i med kommuneplanen eller gjeldande reguleringsplanar. I høve til plan- og bygningslova har tiltakshavar ansvar for å avklare arealplanstatus før arbeidet med tiltaket blir sett i gang.

NVE vil elles minne om at det vil vere settefiskanlegget sitt ansvar at dei fastsette vilkåra vert overhalde. Vi har vist at vassstilgangen i einskilde år har vert for låg samanlikna med planlagt uttak til anlegget. Det vil vere Urke fiskeoppdrett sitt ansvar å syte for at dei nemde tiltaka for vassparing er iverksette. Det kan ikkje påreknast at NVE vil gje løyve til å få vike dei fastsette vilkåra.